

Referat styremøte Fyresdal skogeigarlag 5.10.2011.

Møtet blei halde på Skogtun kl 19 – 20.30. Frammøte: Bjørg, Bergit, Eivind, Hallvard, Helge. Olav Inge meldte forfall.

Sak 1. Heiplanen.

Helge hadde laga forslag til uttale, som blei vedteken utan endring. Uttalen sendast til Heiplanen ved Rogaland fylkeskommune, med kopi til Fyresdal kommune.

Sak 2. Forsyning av skogplantar, jamfør brev frå AT Skog med invitasjon til innspel.

Styret merkjer seg at den nåverande planteskulestrukturen i AT sitt dekningsområde fører til betydelege meirkostnader ved kjøp av skogplantar. Årsaka til kostnadsauken synes mellom anna å vera redusert planteaktivitet. Styret reknar med at den reduserte aktiviteten kan vera den aktiviteten ein må rekne med i framtida, mellom anna pga meir avverking av furu og at større del av hogsten kjem frå tynning. For å unngå vidare nedgang i plantetalet vil det mellom anna vera viktig å halde kostnadene nede. Samstundes er det også viktig med ein lokal leverandør av skogplantar. Styret vil derfor gå inn for å legge ned Reiersøl planteskule og konsentrere alt om Telemark planteskule på Gvarv.

Sak 3. Strategiarbeid i AT Skog, invitasjon til innspel.

Emnet er svært omfattande. Møtet konsentrerte seg om følgjande tema:

- Skogbruksleiaren; Viktig med lokal tilknytning og lokalkunnskap.
- Kompetanse; Auka kompetanse og samvær mellom skogeigarar skapar meir interesse og motivasjon for aktivitet i skogen.
- Driftsapparatet; Det er viktig å ta vera på driftsapparatet lokalt.
- Tømmerprisar og leveringsvilkår; Ofte avgjerande for hogstaktiviteten. Situasjonen endrar seg ofte fort, og det er viktig å kommunisere nye prisar og vilkår raskt ut til skogeigarane.
- Driftspris; Driftsprisane er nok i det store og heile på eit akseptabelt nivå for å kunne sikre stabil driftskapasitet, men det synes å vera ein del tilfeldige variasjonar frå drift til drift. Ved fastsetting av prisen for driftene vil skogeigaren ofte kjenne seg som ein tredjepart som bare må akseptere det som skogbruksleiar og entreprenør på førehand har kome fram til. Styret etterlyser rettleiande prisar for drifter ut i frå ulike føresetnader (kvantum, type tømmer, terreng, kjørelengde mm).

Sak 4. 100-årsskogen.

Det blir teke kontakt med skulen om planting av 100 skogplantar (gåve frå AT Skog under 100-års jubileet). Elevane får følgje med på korleis plantane veks i løpet av skuleåra. Bergit og Bjørg følgjer opp dette.

Sak 5. Jegerprøvekurs og jegerprøveeksamen.

Skogeigarlaget er uroleg for rekrutteringa av nye jegerar. For å sikre ny rekruttering er det mellom anna ein føresetnad at der finst tilbod om opplæring og jegerprøve. Det har dessverre mangla i

Fyresdal dei siste åra. Skogeigarlaget vil derfor be skogbrukssjefen om å organisere kurs slik at det kan utdannast nye jegerar i god tid før neste jakt.

Sak 6. Styrearbeid

Ein bør bli flinkare til langtidsplanlegging ved bruk av årshjul og informasjon om arrangement, mellom anna ved varsling på SMS.

Sak 8. Sal av jubileumsboka

Prisen blir sett til kr 100. Sal frå kommunen, skogbruksleiar mm blir annonsert før jul.

Sak 9. Luteigarmøte i AT Skog BA i Vrådalen 27.10.

Styret satsar på å få med fleire frå Fyresdal til møtet.

Fyresdal, 6.10.2011

Helge Kiland, formann